



Det vert nok skikkeleg blues-stemming i Dønhaug-kjedlaren.

**Laurdag 30. mai får Dønhaugkjedlaren vitjing av eit framifrå Blues-band frå Los Angeles i USA, RICH HARPER BAND. Dette blir fjerde gongen dei vitjar Dønhaug. Siste gongen var i 2011 då dei samla stappfull kjellar midt i veka og skapte topp stemming med fantastisk musikk.**

Dei siste 15 åra har bandet turnert over store deler av verda, USA, Europa , Asia og Oseania, og 2015 blir det sjuande året dei vitjar Norge. Sidan det kritikarroste albumet «Don` t Think Just Play» kom ut i 1997, har bandet gitt ut ni CD-ar, og det tiande er klar no til Norges-turneen 2015.

Rich Harper er ein fantastisk gitarist og live-artist, og blir sett på som ein av dei betre amerikanske bluesartistane. Han lærte seg å spela ved å lytta til store namn som Clapton, King, Challagher og Allman, men utvikla sin eigen spelestil etter kvart. Dette er noko som publikum veit å setja prispå. Med seg i bandet har han Pete Gallager på trommer og Jimmy Bell på bass.

Vertskapet på Dønhaug kan denne kvelden lova ei fantastisk musikkoppleving, og då kan det vel knapt vera nokon betre måte å bruka ein fin førsommarkveld på.

Meir om desse dyktige blues-artistane finn de på [Rich Harper si heimeside.](#)

Tekst: Thor Inge Døssland/Magne Huglen.

Pressefoto.

Nett: Thor Inge Døssland.